



# VANG KOMMUNE

## Retningslinjer for kulturmidlar i Vang kommune.

### Om kulturmidlar i Vang

- Vang kommune ønsker å vere ei inkluderande kommune med stort mangfald i kultur og uttrykk, og det vil bli vurdert som positivt dersom søknad om kulturmidlar kan vise til inkluderande praksis.
- Er du eit nytt lag utan dei vedlegg som det vert bede om, søk likevel med den dokumentasjonen du har.
- Hovudsøknadsrunde for kulturmidlar i Vang er i løpet av mars, og vert annonsert.
- Det er og mogleg å søke resten av året, stønad vert her vurdert frå sak til sak.
- Søknadar som gjeld aktivitet for barn og ungdom skal prioriterast.

### Kulturmidlar til lag i Vang musikkråd og Vang idrettsråd

Dette må ligge ved i søknad om kulturmidlar hjå Vang kommune:

Revidert rekneskap samt årsmelding for siste arbeidsår og budsjett for søknadsåret.

Aktivitetsnivå, drift, planlagde tiltak, aktivitetar og arrangement i søknadsåret er ein fordel å ha med.

Vang idrettsråd og Vang musikkråd innstiller til fordeling av desse kulturmidlane på grunnlag av tildelt ramme. Etat for Utdanning og kultur vurderer innstillinga frå råda, og gjer eit vedtak som blir lagt fram som delegert sak i formannskapet.

### Kulturmidlar til diverse lokale og regionale lag

Same vedlegg i søknad som for Vang musikkråd og Vang idrettsråd. Sjå ovanfor.

### Idrettsstipend i Vang

1. Dette er for ungdom i Vang frå det året dei fyller 14 år til dei er 25 år.


2. Søkjarane må tevle/delta i konkurransar på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Eksempel på konkurransar som er innanfor retningslinene:

- Nasjonale meisterskap innan sin idrett.
- For eksempel: Landsrenn i ski/skiskyting.
- For lagidrett gjeld for eksempel: Interkretsserie og kretslag. Vil bli vurdert frå sak til sak.



(foto Asplund)



# VANG KOMMUNE

## Tilskotsordninga for istandsetting av gamle hus har følgjande reglar

- Tilskot skal til vanleg gå til arbeid som ikkje er satt i gang eller fullført.
- Huset bør vera bygd før år 1900.
- Huset kan til vanleg berre bli tildelt tilskot ein gong.
- Istandsettingsarbeidet må bli gjort etter antikvariske prinsipp. Det vil sei at ein skal ta vare på antikvarisk verdifulle delar av huset . Når noko må skiftast ut så skal ein kopiere det gamle så nøyaktig som mogleg.
- Istandsettingsarbeidet skal sikre huset mot vidare forfall.

Reglar for utbetaling av tilskot:

- Tilskot blir utbetalt så snart ein kan dokumentere utgifter til istandsettingsarbeidet på det dobbelte av stønadssummen.
- Eigeninnsats kan reknast som utlegg til dette arbeidet.
- Kultursjefen kan foreta synfaring før tilskotet blir utbetalt.
- Krav om utbetaling av tilskot må bli lagt fram før 1. november i det året tilskot blir tildelt.



Etat for Utdanning og kultur - Vang kommune - godkjent i Formannskapet i Vang 26.januar 2023.